



Totalen

Det er her det foregår:

- | | |
|--------------------------------|-------------------------|
| 1. Bordholmen | 7. Rossåa settefisk |
| 2. Pakkhuset Pub | 8. Talgø møbelfabrikken |
| 3. Haugabu | 9. Ungdomshuset |
| 4. Steinarstua | 10. Viastua - open gard |
| 5. Totalen skule/Halsesamlinga | 11. Totalshytta |
| 6. Pestufjøset | 12. Totalen kyrkje |

Jubileumslotteri

Delta i Jubileumslotteriet med massevis av fine gevinstar frå bedrifter og privatpersonar i Totalen:

Elisabeth Aas/Per Hølås:	1 stort maleri (verdi kr.7.500.-)
Talgø Møbelfabrikk AS	1 kommode
Talgø Møbelfabrikk AS	4 spisestolar
Talgø Møbelfabrikk AS	1 vegghylle
Surnadal Velværesenter	1 års medlemskap
Britt Møssing:	1 vevd løpar
Tidens Krav:	1/4 års abonnement
Driva:	1/4 års abonnement
Totalen Brygge:	Leilighet m/båt - Tidsrom frå 1.sept. 2008 tom 31.mai 2009
Svinviks Arboret	1 piknik-kurv m/mat + gratis adgang til arboretet for 2 pers. Middag for 2 pers. 2008/2009
Totalshytta	1 gavekort på kr.400.-
Kårvatn Fjellutstyr	1 bilde - Totalsmotiv
Jon Olav Ørsal	1 Rørospledd
Gudmund I. Kvendset	1 kontorstol (barn)
Terjes Handelsagentur	2 vekekort i Toåa. 2008/2009
Totalen Elveeigarlag	Bok + den nye Halse-CD'n
Halsesamlinga	Bokpakke m/Lunde-CD og Seterboka og Tysklandsbrigaden
Totalen historielag	Diverse T-skjorter og fotballar
Totalen I.L.	

Kr 20,- pr lodd

Inntekta av Jubileumslotteriet er ein del av finansieringa av slektsstemnet. Vi håpar derfor at alle er flinke til å kjøpa loddar, slik at vi kjem i mål økonomisk med arrangementet.

Ein stor takk til privatpersonar og bedrifter som har vore lett å be om gevinstar til lotteriet.

Totalen Idrottslag



Utforming: Jon Olav Ørsal



Velkommen til slektsstemnet 1.-3. august '08

Her finn du litt fakta og opplysningar om det som skal skje i Totalen denne helga.



Oppdatert program og praktiske opplysningar slektsstemnet i Todalen 1.-3. august 2008

Fredag 1. august

Det heile startar fredag når Mottakskomiteen etablerer stand ved ICA Todalen for å "ta imot" og informere tilreisande deltakarar og andre. Dei er på plass ca kl 12.

16.00- 20.00: Vi viser fram bygda

- Steinarstua - Demonstrasjon av steinomnsbaking
- Haugabu - feleutstilling etter Edvard Jeldnes
- Pestufjøsset - omvisning i nytt oksefjøs
- Todalen skule - utstilling /4H-utsilling
- Halsesamlinga - utstilling i Gammelskulen
- Kårvatn - Stabburet og "butikken på låven"
- Talgø Gammelfabrikken - omvisning/utstilling
- Ungdomshuset - pratekafé m/kaffe og bakels med mølsgraut.

Kl 18.00 Vass-sportsaktivitetar på Todalsøra med oppkjøring mot pubkveld på Pakkhuset Pub

Kl 20.00 Pubkveld på Pakkhuset Pub med Erling Halle og Todalen småbåtforening som vertskap. Det blir open pub med salg av bacalao og tilhørende drikke. Salg av øl, vin og brennevin. Eirik Husby m/fl. sørger for levande musikk. Her gjeld "først til mølla"-prinsippet. Det er lite parkeringsplass på Todalsøra. Vi har derfor sett opp buss som går frå ICA Todalen og rundt bygda kl 19.30. Aldersgrense på puben er 18 år

Badeliv på Holmen - laurdag og søndag

Dersom det blir badevêr laurdag og søndag vil Todalen småbåtforening sørge for transport med båt frå småbåthamna på Kvennset i tidsrommet 12-15.

Laurdag 2. august

Laurdag blir hovuddagen i arrangementet:
08.00 - 10.00 Sosial frokost på Bordholmen

10.00 - 17.00 Vi viser fram bygda:

- Svinviks arboret - omvisning i arboretet (kr 50)
- Steinarstua - Demonstrasjon av Steinomnsbaking
- Haugabu - feleutstilling etter Edvard Jeldnes
- Pestufjøsset - omvisning i nytt oksefjøs
- Todalen skule - utstilling /4H-utsilling
- Halsesamlinga - utstilling i Gammelskulen
- Rossåa settefisk - omvisning på anlegget
- Kårvatn - Stabburet og "butikken på låven"
- Talgø Gammelfabrikken - omvisning/utstilling
- Ungdomshuset - pratekafé m/kaffe og bakels med mølsgraut.

15.00 - 18.00 Salg av middag på Bordholmen:

Menyen: Saltkjøtt med potet/kålrabistappe

Frå 18.00 Underhalding frå scena på Bordholmen:

- Velkomsthelsing - Eivind og Kari
- Opning med Song til Todalen v/Tone Søyset
- Helsing frå ordføraren
- Historisk tilbakeblikk m/ bl.a. Alf Ramsøy
- Lansering av Halse-CD, Halsesamlinga
- Korsong med Todalskoret
- Underhalding med skulebarna i Todalen
- Musikerdugnad
- Asfaltdans med Dalagutan

Salg av øl og vin under kveldsarrangementet på Bordholmen.

Søndag 3. august 2008

Søndag fortsett vi med:

09.00 - 11.00 Sosial frokost på Bordholmen

11.00 Gudsteneste i Todalen kyrkje:

Vi samlast til gudsteneste i Todalen kyrkje med sokneprest Bernt Venås

12.00-16.00 Open gard i Viastua

Open gard i Viastua på Kvennset. Det er Gudmund og Wenche Kvendset som er vertskap og Todalen Bondelag som er arrangør. Bondelaget vil vise fram litt av det som foregår på eit gardsbruk. Vi får også sjå og stifte nærare kjennskap med fleire slags dyr, og eit moderne lausdriftsfjøs. Elles blir det spennande konkurranse og kalvemønstring med kalvane på garden. Todalen Bondelag har salg av rømmegraut m/ spekemat frå Kårvatn, samt kaffe og skeikake

Praktiske opplysningar:

Busstransport

Det blir mulegheit for busstransport mellom dei forskjellige besøkspunktene på laurdag. Bussen vil kjøre rundt bygda, med start frå Bordholmen etter behov. (Sjåførtelefon 92844866)

Nettsida - www.todalenil.net

Nettsida blir oppdatert kvar dag under slektsstemnet under heile slektsstemnet. Der vil det bli lagt ut bilete frå arrangementa og koma aktuelle korrigerings og opplysningar.